

VEG TIL STORDALSHAMMAREN.

Bakgrunn:

Vegen til hyttefeltet er bygd med avvik frå reguleringsplanen. Dette går på 15 m avvik avkøyning, samt at vegtraceen vidare har mindre avvik frå trace i reguleringsplan.

Tomteselskapet har vist til ved fleire høve at vegen var bygd før det vart seld tomtar i området, slik at samtlige tomtekjøparar har kjøpt sin tomt etter å ha sett trace og stigning for vegen. Det er også vist til at om vegen var bygd nøyaktig på innregulert trace ville tomteprisane vere høgare. Begge partar er samde om at vegen på nederste strekning er brattare enn i reguleringsplan.

Det har vore diskutert ulike løysingar for dette. Tomteselskapet har foreslått å flytte avkøyninga 35 m mot skitrekket, for å oppnå mest mogeleg slakk stigning for første brekka, som i dag er brattast. Løysinga inkluderte at kvar tomteeigar måtte ta sin del av kostnaden, noko som hyttestyret har avvist. Dette alternativet er såleis oppfatta som avvist av hyttelaget.

Tomteselskapet tilbyr slik løysing:

1. Avkøyning blir flytta 22 m mot skitrekket (lenger enn vist i reguleringsplan)
Første brekka blir då slakkare, i dagens avkøyning blir vegbana 2 m høgare enn i dag. Stigning blir 14% mot i dag 22%. Påfylling av eksisterande veg blir nulla ut ca. 50 m oppe i brekka.
2. Svingen nedanfor renseanlegget blir utbetra, ved å legge svingen lenger ut i øvre side.
3. Vegen blir flytta lenger frå tomten til Liv Brekken.
4. Tiltaka er vist på vedlagte kart.

Arbeida blir gjennomført til våren 2017. Tomteselskapet tar kostnaden med desse arbeida.

Vilkår for at vi gjennomfører desse tiltaka, er:

1. Hyttelaget godkjenner tiltaka som endelege løysingar for avvik reguleringsplan .
2. Når arbeida er gjennomført, overtar hyttelaget ansvar og drift for all infrastruktur som veg, vatn, kloakk og straum.
3. Utgifter som tomteselskapet har hatt i 2016 for drift / vedlikehald av vatn, kloakk og veg, og som er fellesutgifter for tomteeigarane, blir fakturert frå tomteselskapet til hyttelaget og ikkje direkte til den enkelte tomteeigar.
4. Det blir signert avtale mellom tomteselskapet og hyttestyret innan 31.11.16, som ivaretar punkta ovanfor.

02.11.16

Bjørnar

